



# Sak 1: Konstituering

Vedlegg:

- Forslag til sakliste
- Forslag til tidsplan
- Forslag til forretningsorden

## **Sak 1.1 Val av skrivarar**

Framlegg til vedtak: Kulturrådgevarane Solveig Brekke Hauknes og Christoffer Knagenhjelm blir valt til skrivarar.

## **Sak 1.2 Val av ordstyrar**

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

## **Sak 1.3 Godkjenning av innkalling**

§4.1 i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: *”Styret i Noregs Ungdomslag kallar inn til landsmøte kvart år. Førebels sakliste skal sendast ut 3 månader før landsmøtet. Omframmt landsmøtet vert halde når landsmøtet eller styret vedtek det, eller når 1/3 av fylkeslaga krev det. Endeleg sakliste og sakspapir skal sendast ut 1 månad før landsmøtet.”*

Innkallinga til det digitale landsmøtet, med førebels sakliste, vart sendt ut elektronisk til alle lokal- og fylkeslag 22. januar, og samtidig publisert på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no). Endeleg sakliste med sakspapir vart lagt ut på NU sine heimesider 22. mars, og blei samtidig sendt elektronisk til dei utsendingane som var påmeldt innan påmeldingsfristen.

Innkalling og sakspapir er sendt ut innanfor dei fastsette fristane.

### **Framlegg til vedtak:**

Innkallinga blir godkjent.

## **Sak 1.4 Godkjenning av sakliste**

§4.2 b) i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: *”Gjennom lokallag og fylkeslag kan medlemmene kome med framlegg om saker til landsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast 8 veker før landsmøtet”.*

I den førebelse innkallinga som vart sendt ut 22. januar, vart laga gjort merksame på at fristen for å melde inn saker og/eller lovendringsframlegg var sett til 26. februar. Styret har ikkje motteke innmeldte saker innan fristen.



# Sak 1: Konstituering

## **Framlegg til vedtak:**

Styret sitt forslag til sakliste blir godkjent.

## **Sak 1.5 Godkjenning av fullmakter**

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

## **Sak 1.6 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden**

Forslag til tidsplan og forretningsorden ligg vedlagt.

## **Framlegg til vedtak:**

Tidsplan og forretningsorden for landsmøtet blir godkjent.

## **Sak 1.7 Val av redaksjonsnemnder**

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet

## **Sak 1.8 Val av teljekorps**

### **Framlegg til vedtak:**

Kontoret i Noregs Ungdomslag blir valt til teljekorps.

## **Sak 1.9 Val av protokollunderskrivarar**

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet



# Sak 1: Konstituering

## Forslag til sakliste:

1. Konstituering
  - 1.1. Val av skrivarar
  - 1.2. Val av ordstyrarar
  - 1.3. Godkjenning av innkalling
  - 1.4. Godkjenning av sakliste
  - 1.5. Godkjenning av fullmakter
  - 1.6. Godkjenning av tidsplan og forretningsorden
  - 1.7. Val av redaksjonsnemnder
  - 1.8. Val av teljekorps
  - 1.9. Val av protokollunderskrivarar
2. Årsmelding 2020
3. Rekneskap 2020
4. Fastsetjing av kontingentmodell og kontingentsatsar 2022 - 2023
5. Medlemsbladet Ungdom
6. Fråsegner
7. Val
  - 7.1. Val av leiar
  - 7.2. Val av styre og arbeidsutval (AU)
  - 7.3. Val av revisor
  - 7.4. Val av valnemnd



# Sak 1: Konstituering

## Forslag til tidsplan:

### Laurdag

08.30-09.30	Registrering av utsendingane, test av den digitale løysinga
09.30-10.00	Velkomne, opprop og opning
	Sak 1 Konstituering
10.00-11.00	Leiaren sin tale
	Sak 2 Årsmelding 2020
	Sak 3 Rekneskap 2020
11.00-11.15	Kaffipause
11.15-12.30	Sak 4 Fastsetjing av kontingentmodell og kontingentsatsar 2022-2023
12.30-13.30	Lunsj
13.30-15.00	Orientering om Frilynt-saka og arbeidet vidare
	Ope ordskifte
	Sak 5 Medlemsbladet Ungdom
	Sak 6 Fråsegner
15.00-15.15	Kaffipause
15.15-16.00	Sak 7 Val
16.00	Avslutting



# Sak 1: Konstituering

## **Forslag til forretningsorden:**

### *Ordstyrarar*

Til å leie møtet vert det vald 2 ordstyrarar.

### *Vedtaksprotokoll*

Generalsekretæren fører protokoll frå landsmøtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysteresultat og endeleg vedtak. Landsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

### *Innlegg*

Utsendingar som ynskjer ordet må teikne seg digitalt. Landsmøtet vedtek ev. avgrensingar i taletid på enkelte saker.

### *Replikkar*

Til kvart innlegg kan det bli gitt maksimalt 2 replikkar og 1 svarreplikk.

### *Til saksførehavinga*

Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksførehavinga.

### *Framlegg*

Framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrarane digitalt, underteikna med vedkomande sitt namn, og namnet på laget vedkomande er utsending frå. Etter at det er sett strek i ei sak, er det ikkje lenger høve til å kome med nye framlegg eller trekkje attende framlegg som tidlegare er sett fram.

### *Røystemåtar*

Når saker skal avgjerast gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendingar der det skal vere 2/3 fleirtal. Røystinga blir utført digitalt.

### *Val*

Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddtrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster.

### *Oppteljing av røyster*

Blanke røyster eller røyster som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekninggrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røyster eller tilsvarande røyster tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.



## Sak 2: Årsmelding 2020

Vedlegg:

- Styret si årsmelding for 2020 (eige hefte)

Vedlagt i eige hefte ligg styret si årsmelding for arbeidsåret 2020.

### **Framlegg til vedtak:**

Landsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2020.





## Sak 3: Rekneskap 2020

Vedlegg:

- Rekneskap 2020, med revisjonsmelding

Komplett årsrekneskap med revisjonsmelding for 2020 ligg vedlagt, trykt i same heftet som årsmeldinga. Rekneskapen er sett opp etter eit standard rekneskapsoppsett, men med meir utfyllande notar enn det som er påkravd. Styret vurderer at standardoppsettet er lite opplysningsrike for landsmøtet, med tanke på korleis ressursane har blitt disponert i året som har gått. Styret legg difor som vanleg også fram eit prosjektrekneskap, som er i tråd med korleis budsjettet er utforma. Dette ligg i note 2 til rekneskapen.

Budsjettet som styret vedtek er satt opp etter same mal som prosjektrekneskapen i note 2. Styret får framlagt økonomiske rapportar samanstillt med budsjett til alle styremøte, og desse to styringsdokumenta gir styret eit godt grunnlag for økonomisk kontroll. Det blir difor teke utgangspunkt i note 2 Prosjektrekneskap i den vidare omtalen av det økonomiske resultatet.

### Årsresultatet

Den endelege rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 477 556, mot eit budsjettert underskot på kr 2 398. Resultatet er kr 479 954 betre enn budsjettert.

Årsaka til at styret har budsjettert med eit underskot, er at organisasjonen dei siste åra har gått med til dels store driftsoverskot. Overskotet skuldast ekstrainntekter for arbeid med koordinering av Kulturalliansen og Teateralliansen, samt at vi har hatt inntekter frå prosjekt som Småleik og NU Kulturformidling. Dette gjorde m.a. at landsmøtet ved godkjenninga av rekneskapet i 2016, disponerte kr 500 000 til eit eige aktivitetsfond, slik at styret har hatt handlingsrom til å drive aktivitet med underskot. Landsmøtet bestemte også i 2019 og overføre heile overskotet for 2018 til dette fondet og Landsmøtet i 2020 valte også å overføre delar av overskotet i 2019 til fondet. Pr. 1.1.2021 sto det kr 480 193 på fondet.

Styret foreslår at overskotet i 2020 på kr 477 556 blir sett av til å stimulere aktivitet i NU sentralt og lokalt, og til å stimulere drifta i NU om ein skulle få bortfall av inntekter.

### Den økonomiske situasjonen

Den ekstra ressurstilføringa NU har hatt dei siste åra, har betydd både at organisasjonen har fått bygd seg opp ein større eigenkapital, og at vi samtidig har hatt ressursar til å satse ekstra på ein del tiltak som vi til vanleg ikkje hadde hatt midlar til. Besøksrunden, sommarleiren, instruktørproplæringa, Ungt leiarskap og Folkepedia er døme på dette. I 2020 derimot har organisasjonen hatt lågare inntekter enn tidlegare år. Totalt hadde vi i 2020 rundt 9 millionar kr i inntekter, noko som er 2,3 millionar kr lågare enn i 2019. Grunnen til dette er at vi har hatt lågare inntekter på prosjekta våre, men også at vi overfører prosjektinntekter til 2021 på prosjekt som vi har måtta utsette på grunn av Covid-19.

Vi hadde i 2020 noko mindre i statsstøtte som gjer at vi hadde det trongare. Usikkerheit rundt dei statlege tildelingane gjer at vi ikkje er sikre på korleis situasjonen vil vere på lang sikt. Sjølv om NU i 2020 har lågare inntekter totalt, går vi like vel med overskot. Grunnen til dette er at vi ikkje har fått gjennomført planlagde aktivitetar på grunn av Covid-19. Vidare har



## Sak 3: Rekneskap 2020

gjennomført aktivitet vore aktiviteten betydeleg mindre kostnadskrevjande, då det er billigare å arrangere digitale seminar/kurs enn fysiske. Vi har også kutta kostnader gjennom året på grunn av at vi hadde usikkerheit rundt medlemskapsinntektene våre.

### **Nærare om resultatet**

Dei fleste prosjekta i årsrekneskapen har vore drivne med lågare kostnader på grunn av at vi ikkje har kunne gjennomføre dei som planlagt. Vi har også hatt lågare kostnader på drift av kontoret, og innan informasjonsarbeidet vårt, enn det som var budsjettert.

Medlemsinntektene er så å seie på budsjett, og kroner 2426 over det vi fekk inn i 2019. Styret budsjetterte med kr 2 500 000 både i 2019 og 2020, og vi kjem til å budsjettere med dette også i 2021.

Det gode årsresultatet, på kr 477 556 i 2020 skuldast i grove trekk at kostnadane er lågare grunna Covid-19, og at all aktivitet har blitt gjennomført digitalt, noko som kostar mindre. Vi har også hatt lågare kurs og arrangementsaktivitet, men denne tida har administrasjonen brukt til å jobbe politisk for støtte- og stimuleringsordningar og å informere ut til laga om smittevern og kva som er mogleg å arrangere av aktivitetar.

### **Framlegg til vedtak:**

Landsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2020, som viser eit overskot på kr 477 556.

Landsmøtet set av heile overskotet i 2020 på kr 477 556 til å stimulere aktivitet i NU sentralt og lokalt, og til å stimulere drifta i NU om ein skulle få bortfall av inntekter i dei kommande åra.





## Sak 4: Fastsetjing av kontingentmodell og kontingentsatsar 2022-2023

Vedlegg: Innstilling frå kontingentutvalet til landsmøtet i NU 2021

### Kontingentordninga i Noregs Ungdomslag

#### *Innstillingar frå kontingentutvalet:*

1. Noregs Ungdomslag endrar ikkje kontingentmodellen.
2. Noregs Ungdomslag skal tilby eit sentralt innkrevjingssystem for dei fylkeslaga/laga som ønskjer det.
3. Noregs Ungdomslag skal legge til rette for og informere om personvernlovgiving, slik at alle fylkes- og lokallag har grunnlag for å følgje lovverket.
4. Noregs Ungdomslag skal følgje opp vedtak frå 2016 og finne ut korleis redusert kontingent for medlemmer som er medlemmer i fleire lokallag kan innførast.
5. Noregs Ungdomslag skal ha redusert medlemskontingent for medlemmer som også er medlemmer i Norges Idrettsforbund. Landsmøtet må vedta ein slik særskild kontingentsats for desse, ein over og ein under 26 år.

#### ***Styret si vurdering:***

Kontingentutvalet har lagt fram ei grundig utgreiing og i all hovudsak kome fram til gode konklusjonar. Sett i lys av arbeidet som er sett i gang kring saka om ei eventuell samanslåing med Frilynt meiner styret at det no ikkje er eit gunstig tidspunkt for å gjere store endringar i kontingentmodellen vår. Denne må uansett bli revurdert om ei samanslåing med Frilynt skulle bli aktuell. Arbeidet utvalet har gjort vil likevel i eit slikt arbeid vere til stor hjelp.

Styret rår landsmøtet til å røyste for utvalet sine innstillingar i punkt 1-4.

I spørsmålet om lågare satsar for medlemmar som òg er medlem i Noregs Idrettsforbund, er styret delt.

Fleirtalet i styret vurderer det som særskild uheldig å gje medlemmar som driv med særskilde aktivitetar i organisasjonen unntak for kontingent. Noregs Ungdomslag er tufta på eit frilyndt grunnsyn, og skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø uavhengig av kva spesifikk aktivitet lokallaga driv med. Det er dette som er fellesskapet vårt, og som dannar grunnmuren i rørsla vår.

Det er mange lag i NU som òg er med i andre særorganisasjonar for sine spesifikke aktivitetar, ikkje berre idrettsungdom. Styrets fleirtal meiner det vil vere umogleg å handsame idrett annleis enn andre aktivitetar, skulle innstillinga til utvalet bli vedteke.

Går landsmøtet inn for dette punktet meiner fleirtalet i styret at det vil sette ein uheldig presedens, og i verste fall skake organisasjonen sine grunnverdiar og fellesskap.

Fleirtalet i styret meiner at landsmøtet bør røyste imot utvalet si innstilling i punkt 5.

Mindretalet i styret meiner det er gode argument for å gjere særskilde unntak for idrettsmedlemmar all den tid idrett ikkje er ein aktivitet NU jobbar særskild med, ei heller burde jobbe særskild med, og samtidig utgjer størstedelen av medlemsmassen i nokre av dei største lokallaga i NU. I det store biletet vil ikkje ei senking av satsane for desse medlemmane utgjere nokon stor skilnad i rekneskapen til NU, men vil utgjere ein stor skilnad for dei medlemmane og lokallaga det gjeld.

Mindretalet i styret, bestående av Terje Svindseth, meiner landsmøtet bør røyste for utvalet si innstilling i punkt 5.

### **Kontingentsatsar 2022-23**

Satsar for 2020-21

- Kontingent per medlem under 26 år: kr. 95
- Kontingent per medlem over 26 år: kr. 190
- Kontingent for lokallag: kr. 1 200
- Kontingent for lokallag med 0-4 medlemmer: kr. 2 200
- Kontingent for huslag: kr. 3 500
- Direktemedlemskap, medlemmer under 26 år: kr. 150
- Direktemedlemskap, medlemmer over 26 år: kr. 300

### **Framlegg til vedtak:**

Satsane for 2022-23 blir dei same som for 2020-21.



## Sak 5: Medlemsbladet Ungdom

Sidan 1916 har medlemsbladet Ungdom (tidlegare Norsk Ungdom) vore ein sentral stad for NU-medlemmar å ytre seg. I 2021 kjem den 105. årgangen, og det er på sin plass å tenkje over kva Ungdom skal vere for NU vidare og om organisasjonen treng eit medlemsblad. Lagnaden til medlemsbladet var oppe til diskusjon på styremøtet i 2020, og styret valde å ta saka til landsmøtet for eit vedtak.

Medlemsbladet Ungdom kjem ut fire gongar i året, og utgåvene er lagt opp til å følgje opp dei viktigaste hendingane i NU-året. Redaksjonen freistar å få med stoff frå alle fagfelta (folkedans, teater, bunad, hus og barne og ungdomsarbeid) i kvart nummer, og målet er at flest mogleg lokallag blir sleppt til slik at visjonen «Levande lokalkultur» òg er synleg her.

### Opplagstal

Det blir tatt ut nye adresselister frå Hypersys ved kvar utgåve. I 2015 var opplaget på 5000-6000 per utgåve, i 2019\* låg det mellom 3700 - 4800. Dette sjølv om medlemstalet har vore stabilt nær 14 000 desse åra. Det låge opplagstalet skuldast at medlemmar under 14 år får Norsk Barneblad, og vi prøver å unngå at husstandar får fleire eksemplar. I tillegg er det mange lag som ikkje har kryssa av for at medlemmane skal få blad i posten, og adressene som ligg inne i Hypersys er ikkje oppdatert med gate/vegadresse. Manglande veg/gateadresse gir òg ein god del retur sjølv om det blir tatt ut nye adresselister for kvar utgåve. Ungdom blir òg lagt ut elektronisk på nettstaden [www.issuu.com](http://www.issuu.com), og det er mogleg å få bladet tilsendt på PDF.

### Økonomi

Utgiftene til medlemsbladet har vore rundt 300 000 dei siste åra. Dette omfattar formgjeving, trykk og porto. Ungdom er med andre ord den største posten på informasjonsbudsjettet til NU.

Å legge om til eit medlemsblad som ligg ute elektronisk, men ikkje blir trykt, vil berre redusere utgiftene og ikkje arbeidsmengda for kontoret.

### Treng NU medlemsblad?

Det har i dei seinare åra ikkje vore ei særleg positiv utvikling av Ungdom, verken av tilfang av innsendt stoff eller av medlemmar som ønskjer å få bladet i postkassa. Det høyrer kanskje litt brutalt ut å legge ned eit medlemsblad etter 105 år, men spørsmålet er kva vil NU med Ungdom? Og kva er NU utan medlemsblad? Vil nokon sakne det, og kva kan vi tilby medlemmane våre i staden for? Kva informasjonskanalar har vi som kan vidareutviklast og har potensiale til å bli ein god arvtakar?

### Ressursbruk og informasjonsflyt

I snitt brukar informasjonsrådgjevaren tre arbeidsveker på ei utgåve av Ungdom. Med å legge ned Ungdom frigjer ein omlag 12 arbeidsveker i året som ein kan nytte til produksjon av artiklar til nettsida, informasjonsbrosjyrar, temahefte og ei utvida årsmelding. Fokuset framover bør vere å skape ein betre informasjonsflyt til medlemmane av Noregs Ungdomslag, og då verkar det ikkje som at Ungdom er staden å informere sidan det blir lese av eit fåtal av medlemmane (omlag 28% får bladet i postkassa)

*\*Det kom berre ei utgåve i 2020 så 2019 er eit betre grunnlag for samanlikning.*

**Framlegg til vedtak:**

Medlemsbladet Ungdom blir lagt ned frå og med hausten 2021. Dei frigjorte ressursane blir fordelt på nytt med eit mål om å få gitt fleire medlemmar i Noregs Ungdomslag betre informasjon via andre kanalar. Dette inkluderer ein årleg publikasjon som går ut til alle medlemmane, blant anna med informasjon frå årsmeldinga.



## Sak 6: Fråsegner

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan t.d. ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram 2 fråsegner for landsmøtet, og inviterer i tillegg utsendingane til å fremje forslag til fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til. Nærare fristar for å levere fråsegner blir regulert av forretningsorden for møtet.

Styret sine forslag til fråsegner har følgjande tema:

- 1. Organisasjonseigde kulturbygg må få meir av spelemidlane**
- 2. Kommunane treng ungdomslaga for å gje barn og ungdom ei god oppvekst**

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.



## Fråsegn 1

### Organisasjonseigde kulturbygg må få meir av spelemidlane

Innretninga og fordelinga av spelemidlane til kulturbygg og frivillig-eigde bygg må evaluerast. Regjeringa seier dette sjølv, og har lista det opp som ei konkret prioritering både i frivilligheitsmeldinga (St. 10 2-2018-2019) og kulturmeldinga Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida (St. 8 2018-2019). To år har gått sidan meldingane kom, og Noregs Ungdomslag etterlyser handling.

Det har opp gjennom åra skjedd stadige endringar med spelemidlane. Dessverre har ikkje endringane vore til fordel for kulturlivet. Brøkdelen som går til kultur har blitt mindre. Vi ser at dessutan at Kulturdepartementet brukar delar av tippeoverskotet til nye tiltak framføre å styrke dei eksisterande ordningane.

Det er spesielt kulturbygg som lir under dette regimet. I 2013 var potten til kulturbygg på 135 millionar kr, men er no nede i skarve 56 millionar kr. Til samanlikning blei idrettsanlegg i kommunane tildelt 1492 millionar kr i 2019. Det utgjer 26 gongar meir til idrettsanlegg enn kulturbygg over tippenøkkelen. Behovet går langt utover dei 56 millionane som ligg i potten til kulturbygg. Midlane skal fordelast over heile landet, og er på ingen måte nok til å nå ut til breidda av alle som treng midlar. Løysinga vert ofte å gå for eit fåtal regionale bygg. Slik kan det ikkje vere. Det finst inga samla oversikt, men estimat frå Huset i Bygda viser at det truleg er over 3000 organisasjonseigde kulturhus i Noreg, med estimert vedlikehaldsetterslep på 1,2 milliardar kr. Desse bygga utgjer ofte det sosiale limet i eit lokalmiljø, og fortener dermed støtteordningar som svarar til rolla dei har.

## Fråsegn 2

### Kommunane treng ungdomslaga for å gje barn og ungdom ei god oppvekst

I 2022 trer barnevernsreforma i kraft, som blant anna skal styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn og unge. Kommunane får meir ansvar på barnevernsområdet, fordi kommunen har nærleik til familiane og deira behov. Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men måla i reforma blir nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane og er difor meir ei oppvekstreform. Målet med reforma er at fleire utsette barn og familiar skal få den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

Noregs Ungdomslag har 350 lokallag fordelt rundt i landet, med 14 000 medlemmer frå 0 til 100 år. Lokallaga våre bidrar kvar dag til levande lokalkultur i bygd og by, gjennom aktivitetar for små og store. Aktivitetane er mangfaldige; blant dei populære er dans, teater og ungdomsklubb. Å vere ein del av eit fellesskap og få oppleve meistring, er godt for folkehelsa. Aktivitetane som lokallaga våre driv, er god førebygging for både psykiske vanskar og somatiske sjukdommar. Sagt med andre ord: aktivitetane og miljøa i ungdomslaga våre er med på å gje barna i lokalsamfunnet ei god oppvekst. I dag er det svært varierende kva grad lokallaga våre får økonomisk, koordinerande eller administrativ støtte frå kommunen til sitt viktige arbeid. Det er også varierende i kva grad kommunen har fokus på det frivillige arbeidet i sine planar.

Noregs Ungdomslag meiner det er eit stort potensiale for samarbeid mellom kommunane og ungdomslaga rundt om i landet. Me meiner kommunane i større grad må bruke ungdomslaga i sitt førebyggjande arbeid, samt ta initiativ til eit samarbeid med ungdomslaga til barna sitt beste.



## Sak 7: Val

Valnemnda kjem med framlegg på val av medlemmar og varamedlemmar til styret i Noregs Ungdomslag, samt til revisor. Styret innstiller på val av ny valnemnd. Valnemnda som vart valt på landsmøtet i 2020, og som har i oppgave å levere innstilling til landsmøtet, har vore samansett slik:

Håvard Ims	Rogaland Ungdomslag
Cecilie Rørstad	Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag
Oddgeir Løvold	Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
Lotte Mølstre	Nordland Ungdomslag
Tone Sjølander Eidsvold	Eidsiva Fylkeslag
Helge Venås Flægstad	Sør-Trøndelag Ungdomslag
Marit Nerås Krogsæter	Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag
Morten Nilsen	Nordland Ungdomslag

Valnemnda arbeidde i digitale møter, på e-post og telefon igjennom perioden sin.

### Sak 7.1 Val av leiar

Torbjørn Bergwitz Lauen (1990) Bygdelagssamskipnaden Attval, 1 år

### Sak 7.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Tone Mjelde (1990)	Hordaland Ungdomslag	Ikkje på val	Politisk nestleiar/AU-medlem
Terje Svindseth (1969)	Bygdelagssamskipnaden	Attval, 2 år	Org. nestleiar/AU-medlem
Irene Dahl (1971)	Troms Ungdomsfylking	Ikkje på val	Styremedlem/Vara til AU
Maria Austbø (1984)	Bygdelagssamskipnaden	Ikkje på val	Styremedlem/Vara til AU
Bjørn Arve Moen (1974)	Inn-Trøndelag USL	Attval, 2 år	Styremedlem
Nina Byttingsmyr (1993)	Aust-Agder Ungdomslag	Attval, 2 år	Styremedlem
Marit Kvamen (1993)	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år	1. vara til styret
Mona Husby (1995)	Inn-Trøndelag USL	Attval, 1 år	2. vara til styret
Siri Mæland (1974)	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Ny, 1 år	3. vara til styret

### Sak 7.3 Val av revisor

#### Forslag til vedtak:

Revisorgruppen Oslo AS blir valt som revisor for Noregs Ungdomslag for rekneskapsåret 2021.





## Sak 7: Val

### Sak 7.4 Val av valnemnd

Styret i Noregs Ungdomslag vil innstille på følgjande valnemnd:

Håvard Ims	Rogaland Ungdomslag	Attval, 1 år	Leiar
Tor-Steinar Fromreide	Vest-Agder Ungdomslag	Ny, 2 år	Medlem
Helge Venås Flægstad	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Attval, 2 år	Medlem
Lotte Mølstre	Nordland Ungdomslag	Ikkje på val	Medlem
Tone Sjølander Eidsvold	Eidsiva Fylkeslag	Ikkje på val	Medlem
Cecilie Rørstad	Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag	Ny, 1 år	1. vara
Ida Haugen Skulstad	Hordaland Ungdomslag	ny, 1 år	2. vara
Reidun Synnøve Flatøy	Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	ny, 1 år	3. vara